

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA-M09	20/96

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2021	Kommunestyret	PS	18.02.2021

Planprogram - kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022 - 2030

Forslag til vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert vedteke slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Gjeldande VA – planar for Modalen kommune er frå 1997 og er såleis av eldre dato. Det er behov for å revidere målsetjingar, oppdatere status for VA – systemet og planleggje naudsynnte tiltak.

Det skal utarbeidast ein felles plan for områda vassforsyning, avlaup og vassmiljø. Planen skal fungere som eit overordna styringsverktøy og skal leggje til rette for berekraftig og langsiktig forvaltning av infrastrukturen, samt best mogleg samordning med andre samfunnsaktørar. Planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan og skal vera i samsvar med gjeldande kommuneplan for Modalen, samt krav i sentralt og lokalt regelverk og føringar. Hovudfokus for vassforsyninga er å leggja til rette for gode og framtidsetta løysingar for å kunna levera nok og godt vatn til ei kvar tid til alle abonnentane, samt sløkkjevatn ved brann.

Hovudfokus for avlaup og vassmiljø er å leggja til rette for gode og framtidsetta løysingar for oppsamling, transport og reinsing av avlaupsvatn frå alle abonnentane. Vidare skal ein ha fokus på arbeid etter vassforskrifta, der ein har mål om å oppnå og oppretthalde god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar i kommunen.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe for planarbeidet. Arbeidsgruppa skal møtast jamnleg i arbeidet, og skal leggja fram framlegg til kommunedelplan til rådmannen som tek det vidare i planutvalet (Formannskapet) og til politisk handsaming.

Arbeidsgruppa er samansett som følgjer:

- VA konsulent i kommunen – Kjell Langeland
- Teknisk sjef - Tone Selmer Skuggevik
- Rådgjevar/sækretær Johan M. Hansen og Ingrid Vatne frå Norconsult for utarbeiding av planen.

Andre aktørar, til dømes kommunelege kallast inn når det er relevant. Norconsult er rådgjevar / sækretær for arbeidet og gjev fagleg administrativ bistand undervegs i prosessen.

Formannskapet i Modalen kommune vedtok i sak 035/2020. 23.10.2020. at Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø skulle leggjast ut på høyring og offentleg ettersyn jamfør plan- og bygningslova § 5-2. Planprogrammet har vore på høyring i perioden 29.oktober – 9 desember 2020. Det er kome inn høyringsfråsegn frå:

- NVE
- Stadsforvaltaren i Vestland
- Vestland fylkeskommune
- Direktoratet for mineralforvaltning

Merknadar er innarbeida i planprogrammet og vert elles tatt omsyn til i planarbeidet. Høyringsfråsegna er i sin heilheit gjengjeven i vedlegg KDP – 02.

Konklusjon

Rådmannen vil tilrå at kommunestyre vedtek at planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert vedteke.

Kommunestyret - 009/2021

KS - behandling:

Ingrid Vatne frå Norconsult presenterte planprogram kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø. I tillegg orienterte ho om status for VA i Modalen kommune. Gjekk gjennom høyringsinnspel til planprosessen. Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert vedteke slik det ligg føre.

Vedlegg:

Planprogram avlaup og vassmiljø 2022 -2030

KDP-02 Høyringsfråsegn